

Sortland Sjakkklubb, Norges Sjakkforbund og Kindred-avtalen

av Geirr A Rasmussen, medlem i Sortland Sjakkklubb

Formannen har spurt om eg kan stilla som klubbens delegat til Norges Sjakkforbunds kongress, som finn stad under Landsturneringa i juli. Etter at eg vart spurd, har Kindred-avtalen dukka opp i sakspapira til Kongressen. Saka er kontroversiell.

Eg finn det derfor rett å orientera om saka og mi meining om henne. Dersom klubbmedlemene er sterkt ueinig med meg, kan eg sjølvstilt ikkje vera klubbens representant til Kongressen.

Innlegget her er tredelt: A. Kort om kva saka gjeld. B. Kor du finn informasjon og kan gi tilbakemeldingar. C. Mitt syn på saka.

A. Kort om kva saka gjeld.

NSFs styre har forhandla fram ein sponsoravtale med spelselskapet Kindred. Forhandlingane har pågått i løpet av vinteren. Avtaleutkastet vart først offentlig kjent då fristen for å senda ut sakspapir til Kongressen gjekk ut no i juni. Kongressen blir halden 7. juli i Larvik.

Kindred tilbyr 50 mio kroner over 5 år, 10 mio i året. NSF skal delta i arbeidet med å bryta opp spelmonopolet til Norsk Tipping. 1,5 mio kr skal kvart år brukast til nettopp dette.

Kindred står m.a. bak Unibet. Kindred og konkurrerande selskap er for tida utelatne frå den norske spelmarknaden. Det er dette regelverket Kindred arbeider for å endra. Ein del av Kindreds strategi er då å alliera seg med påverknadsagentar – i dette tilfelle NSF.

Det viktigaste argumentet for avtalen er at det er mykje pengar i NSF-samanheng. Vi har ikkje råd til å seia nei.

Motargumenta er dels at NSF ikkje bør ta politiske (her idrettspolitiske) standpunkt same kva ein elles meiner om pengespel, og dels at denne saka ikkje er god for NSF's omdømme. Meir om motargumenta nedanfor, der eg gjer greie for mitt syn på saka.

B. Kor du finn informasjon og kan gi tilbakemeldingar.

Bergensjakk har ei samleside med argument og uttalelsar, der det også er lenka til NSF-styrets utsende dokument.

Det finst ei Facebook-side med heftig debatt, søk opp «NSF og Kindred-avtalen».

I tillegg legg eg ut ein kortversjon av denne artikkelen på Sortland Sjakkklubb si Facebook-side slik at klubbmedlemene kan kommentera direkte der. Formannen og klubbstyret er også naturlige referansepunkt – særleg viss nokon krev ekstraordinært medlemsmøte.

C. Mitt syn på saka.

Pengesporet.

Kor blir pengane av? Utgreiinga og sakspapira insisterer på å bygga på faktakunnskap. Men enkelte fakta er utelatne. Utvidinga av spelmarknaden dreier seg om milliardbeløp. Det blir framstilt slik at Norsk Tipping ikkje vil lida skade nettopp fordi ein utvider maknaden. Spelavhengige vil møte seriøse aktørar, og må elles ta hand om av fagfolk.

Det ser ut til at dei einaste som vil oppleve endringar, er spelselskapa. Når det gjeld pengeoverføringar, nemner utgreiinga berre at det skal betalast selskapskatt av overskotet. Med normal skattesats 22% betyr det 220 mio av 1 milliard. Det betyr at eit selskap med 1 milliard i overskot drar inn 780 mio til eiga kasse. (I tillegg veit vi at internasjonale konsern driv med intern fakturering mellom underselskap, slik at overskotet gjerne dukkar opp i lågskatt-land. Om dette gjeld Kindred, veit eg ikkje.)

Eg meiner å hugsa at eit slikt selskap sa seg villig til å støtta dansk idrett med eit par hundre millionar for å komma inn på marknaden. Det er lite betalt med tanke på verdien av fortjenesta som blir henta ut, og peanuts i forhold til det nasjonale tippeselskap overfører. Men då får – i dette tilfellet - politikarane presset: Vil du våga å seia nei til dette? Same argumentasjonen ser eg blir brukt i diskusjonen rundt Kindred og NSF.

Men i sakspapira ser eg ikkje at det er nemnt andre økonomiske bidrag til det norske samfunnet enn skattebetalinga. Og den går til statskassa, ikkje øyremærkt til idrett, kultur og samfunn.

Konklusjon: NSF er beden om å arbeida for å opna spelmarknaden for dei store spelgigantane, der hovudpoenget ser ut til å vera tilgang til store fortjenester. Det er ikkje ei oppgåve for NSF.

Kindred og NSF.

Kindred jobbar sjølv sagt profesjonelt og driv reklame og lobby-verksemd i mange kanalar. Så korfor vesle fattige NSF?

Her har Kindred gjort eit godt strategisk val. NSF er ein type folkelig organisasjon som ligg nær idrettsorganisasjonane utan å vera medlem i NIF. Vi er respekterte og har godt omdømme, og skaper positivitet rundt barne- og skolesjakk. Vi er altså ein nær slektning av Idrettsforbundet, og blir brukt som ein trojansk hest for å løysa opp finansieringsordninga som Idrettsforbundet nyt godt av. Det er ikkje tilfeldig at Kindred har valt NSF og ikkje Blå Kors eller Norske Kvinners Sanitetsforening.

Viktigaste argument: Vårt omdømme.

Det er sagt at vi skal ha ein faktabasert og ikkje kjensleladd debatt. Men omdømmebygging (branding, merkevarebygging) er også eit fagfelt basert på forståing av marknad og samfunn. Sjølv om eg ikkje er marknadsøkonom med merkevarebygging som spesial, må det vera lov å ha meiningar utan å bli skulda for usaklig føleri.

Den trojanske hesten, som NSF's styre vil vi skal rydda plass til midt på brettet, trugar ein trippel springargaffel.

Det vil trulig skada forholdet vårt til idretten i stor grad. Idrettspresidenten har alt no gitt uttrykk for at dei ser alvorlig på at NSF skal arbeida for at Kindred skal få gjennomslag for sine synspunkt. Idrettsrørsla er vår halvbror. Vi kan ikkje dolka dei i ryggen.

Det andre gjeld belutningstakarar, dvs lokalpolitikarar, stortingspolitikarar, medlemmer i diverse utval som deler ut pengemidlar og tilsette i offentlig og privat verksemd som forvaltar midlar til allmennyttige føremål. Dei vil ikkje lenger sjå oss som eit respektabelt fattig forbund. Sjølv om vi søker støtte som Sjakkforbund eller Ungdomssjakkforbund, vil dei bevisst eller ubevisst lesa oss som sponsa for å motarbeida den ordninga dei forvaltar og som både idretts-Norge og Stortinget stiller seg bak. Ein lokalpolitikar i Stavanger har allereide rasla med sabelen i forhold til sjakk-VM, sjølv om det ikkje har noko med Kindred-avtalen å gjera.

Det tredje gjeld publikum generelt, sjakkforeldre spesielt. Det kan slå begge vegar, men eg er litt urolig med tanke på at sjakk og glade sjakkspelarar kan bli brukt (og *skal* brukast i flg avtaleutkastet) til å promotera Kindreds syn på spelpolitikken i Norge.

Det kan vera avgjerande for framtida at vi seier nei til eit slikt sponsorat. Med tanke på den splittinga saka alt har skapt internt (jfr nettdebatten) kan det vera klokt om styret i NSF trekker saka i staden for å tvinga gjennom ei avstemming.